

VELKOMEN TIL VERNEOMRÅDA I SETESDAL – VESTHEI OG RYFYLKEHEIANE



HARTEVASSLUTEN (ANDERS MARTINSEN FOTOGRAFER)

Velkommen til heiane

Dei store heieområda i den sørvestlege landsdelen vert i dag kalla for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane, men området har fleire namn enn som så. Frå gammalt av var det heilt andre namn som vart brukte – for eksempel Bykleheiane, Dyråheio, Rjuven, Sirdalsheiane, Heiberghiane og Suldalsheiane.

Store delar av desse heiane er varig verna som landskapsvernområde, biotopvernområde eller naturreservat. Verneområda har som føremål å ta vare på store samanhengande heieområde, dyre- og planteliv, stølsområde og andre kulturverdjar.

Særskilt skal ein ta vare på viktige delar av villreinen sitt leveområde, slik at dei kan vandre fritt slik dei alltid har gjort. Totalt omfattar dei verna areala 3629 km² fordelt på 10 kommunar i Agder-fylka og Rogaland.

Mange av dei tidlegare ferdelsvegane mellom Setesdal, Øvre Telemark og Ryfylke gjekk gjennom området. Fleire turistløyper følgjer desse vegane. Turistforeininga (DNT) og

Statskog legg til rette for naturopplevingar og det enkle friluftslivet.

Ideen bak denne friluftsguiden er å synleggjere også andre turområde i bygdene kring heiane, kanskje du berre ynskjer “ein liten smakebit” av desse flotte heieområda. I denne guiden vil ein ha fokus på turområda som du lett kan nå på ein ferietur med bil. Dersom du vil oppleve noko ekstra, så ta kontakt med eit av dei lokale firmene som tilbyr guida turar i områda, og du vil få ei oppleving som du ikkje gløymer. Ta kontakt med næraste turistkontor for meir informasjon og detaljert turkart.

Gjennom prosjektet “Frå gråberg til gull” ynskjer ein å legge til rette for at besøkjande skal få gode opplevingar i dei fjellnære områda.



LISLEFJODD (ANDERS MARTINSEN FOTOGRAFER)

ALLEMANNS-RETEN ER UNIK

Allemannsretten er ein del av kulturarven vår. Til alle tider har folk hatt rett til å ferdast i skog og mark, og til å hauste av naturen. Retten bygger på at ferdsla går føre seg utan ulempe for andre. Hugs at du er gjest i naturen!

Du kan:

- Ferdast fritt til fots og på ski i utmark.
- Ferdast over dyrka mark når den er frosen eller dekkja med snø.
- Bruke båt, kano utan motor i vatn og vassdrag.
- Slå leir og overnatte i naturen – minimum avstand frå hus og hytte er 150 meter.
- Sykle og ri langs vegar og stiar i utmark.
- Plukke bær, sopp og blommar.

Men hugs:

- Ikkje gå over dyrka mark, med mindre den er frosen.
- Lukk att grunder og ikkje øydelegg gjerde.
- Bruk av eld i nærleiken av skogsmark er forbode i tida 15. april til 15. september.
- Hugs bandtvang og ta omsyn til dyr.
- Ta soppel med heim.
- Motorferdsel i utmark er i utgangspunktet forbode.
- Ikkje forstyrr dyr og fuglar.
- Jakt og fiske i ferskvatn er ikkje ein del av allemannsretten.
- Tenk etter kvar du parkerer bilen.



PREIKESTOLEN



FJELLRYPE (JON ERLING SKÅTAN OG JAN THOMASSEN)

TURISTKONTOR LANGS REISERUTA



FRILUFTSGUIDE

SETESDAL VESTHEI – RYFYLKEHEIANE

Outdoor guide

BYKLE

Hovdenferie AS, 4755 Hovden
Tlf: 37 93 93 70
e-post: post@hovden.com
www.hovden.com

VALLE

Valle Turistkontor, 4747 Valle
Tlf: 37 93 75 29
e-post: valle@setesdal.com
www.setesdal.com

ÅSERAL

Åseral kommune
Rådhuset, 4540 Åseral
Tlf: 38 28 58 00
e-post: post@aseral.kommune.no
www.aseral.kommune.no

HÆGEBOSTAD

Hægebostad Turistinformasjon
Kommunehuset, 4595 Tingvatn
Tlf: 38 34 91 00
e-post: haegebostad@regionlister.com
www.regionlister.com

KVINESDAL

Turistkontoret Flekkefjord
og Kvinesdal BA, Avd. Kvinesdal
Liknes sentrum, 4480 Kvinesdal
Tlf: 38 32 69 95
e-post: kvinesdal@regionlister.com
www.regionlister.com



BYKLE



VALLE



BYGLAND



ÅSERAL



HÆGEBOSTAD



KVINESDAL



SIRDAL



FORSAND



HJELMELAND



SULDAL

Denne guiden er utgitt for fri distribusjon av prosjektet “Frå gråberg til gull” knytt til Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Dei 10 kommunane Bykle, Valle, Bygland, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal, Sirdal, Forsand, Hjelmeland og Suldal har danna eit samarbeid om forvaltning av Noregs nest største verneområde og Europas sørlegaste villreinstamme. Kommunane og reiselivslaga har gitt gode innspel til guiden. Prosjektet er finansiert av Rogaland, Aust- og Vest Agder fylkeskommunar, Fylkesmannen i dei tre fylka og dei 10 kommunane.



BADING I FJELLVATN (JON ERLING SKÅTAN OG JAN THOMASSEN)

PUBLIC RIGHT OF ACCESS

Public right of access is part of the Norwegian cultural heritage. Throughout the ages the public has had the right to roam the countryside, the woods and mountains and along the coast. The basic principle is that it shall not lead to unreasonable damage for the owner or the user of the land, nor unreasonably disturb the privacy of other people. The terms “cultivated land” and “uncultivated land” are used to define and delimit the right of access. Access is unrestricted on uncultivated land, but is restricted to some extent on cultivated land. Cultivated land means all tilled land, fields, meadows, gardens, etc.

The public right of passage gives the right to

- hike and ski
- cross cultivated land in winter.
- to use canoe or kayak, rowingboat or sailboat on lakes and rivers. The right also applies to frozen watercourses.
- to rest, picnic, put up tents and spend the night.
- to cycle and ride horse along paths and roads across uncultivated land.
- to swim in the sea, and in lakes and rivers.
- to go by boat, moor and go ashore in cultivated land.

The public right of access also imposes obligations

The Outdoor Recreation Act requires all countrygoers to behave considerately and with care. We may not:

- trample in fields and meadows.
- walk about in newly planted forest not covered by snow.
- break off, cut or in other way damage trees and other plants.
- disturb animals and birds, including their nests and their young.
- motorized traffic on cultivated land is forbidden. Dogs must be kept under control, and leash from 1 April to 20 August.

Staying the night, picnicking and camping

You may stay overnight, pitch a tent and picnic on uncultivated land. On cultivated land, you must obtain permission from the owner.

A tent must not be pitched less than 150 meters from a house or cabin. If you want to pitch it closer, or stay longer than two days in the same place, you must ask for permission.

It is prohibited to use an open flame or light a fire from 15 May to 15 September. This does not apply on naked mountain.



KANOPADLING (ANNE LISE NORHEIM / SKATTEKAMMERET SULDAL)

Vi ønsker deg god tur og håpar du får fine opplevingar i heiane!

Her er eit utval nummerte turar i randsona av landskapsvernområde som er vist på kartet på andre sida. Det er både korte og lengre turar.

BYKLE

1. Hovden. På Hovden er det eit allsidig turterreng. Der kan ein velje mellom den markante Hovdenuten med flott utsikt over dei store heiområda, eller svaberga langs Bortemannsbekken. Ein kan ta stolheisen til toppen av Nos, eller oppleve høgjellet ved å gå inn til ei av turistforeningshyttene (hyttene til DNT) i nærleiken av Hovden.

Fire toppturar er særst godt eigna for familiar med barn. Du vel sjølv om turen skal ta ein times tid eller fleire dagar. Dei fleste turane er merka.

VALLE

- 2. Gløppefoss.** Høgaste fossen i Setesdal. Merka tursti, 2 timar ein veg.
- 3. Kvernhusvegen.** Sentralt i Valle. Turstien er 4,2 km og på turen får du rike natur- og kulturopplevingar.
- 4. Stavskar.** Frå Berg kan du ta turen inn til den ubetjente DNT- Stavskar hytta, 2 km ein veg.
- 5. Brokke.** Flott område for turgåing sommars-tid – til og med for barnefamiljar med vogn. Lysløype, 5 km rundløype.
- 6. Rysstad turpark.** Flott turområde for barnefamiljar og for deg som ikkje er så lett til beins. Flott natur- og kulturlandskap.



LANDSKAPSVERNOMRÅDE



RUNDT BÅLET PÅ NOS (ANDERS MARTINSEN FOTOGRAFER)

ÅSERAL

7. Skorø. Noregs sørlegaste fjelltopp, 1041 moh. Turen er 10 km tur/retur. Kan og gjennomførast som ein rundtur om Lakkenstova – ei ubetjent turisthytte.

8. Lordehytta. Tur i kupert terreng til jaktstøtt bygda av den skotske Lord Salvesen.

9. Ljosland. I Ljosland Fjellhage kan du verte nærare kjend med fjellfloraen i heiane.

HÆGEBOSTAD

10. Hekkfjell. Markerer slutten på heieområda, flott utsiktspunkt.

KVINESDAL

11. Knaben. Fleire flotte turar med varierende lengde. Knaben Molybdængruber A/S dreiv gruvedrift frå 1918 til 1973.



GREIPLING (JON ERLING SKÅTAN OG JAN THOMASSEN)

SIRDAL

12. Flyvraket på Lunde. I 1946 styrta eit bombe-fly på Lunde, restene etter dette kan du sjå i dag. 3 timar tur/retur.

13. Hilleknuten rundt. Turen til Hilleknuten (1209 moh.) er ein av dei mest populære toppturane i Sirdal. Dette er ein tur i relativt bratt terreng, men med storslått utsikt frå toppen. 4 timar tur/retur.

14. Seland - Guddal. Gamal ferdaveg i lett terreng.

15. Støle (540 moh.). Støle ligg flott til på ei høgd øvst i Kvitadalen, 12 km.

16. Heibergtunet Storevatn (965 moh.). Tre fullrestaurerte hytter frå den tida då Thorvald Meyer Heiberger dreiv med kommersiell jakt i dette området. Jaktterenga han disponerte vart seinare kjent som Njardarheim Veidemark, 19 km.

Sykling

Sirdal har fleire asfalterte anleggsveggar. På desse vegane er det lite trafikk, og du kjem rett inn i naturen.

BILETE FORSIDA: SKUMRING PÅ NOS / FISKE I FJELLVATN (ANDERS MARTINSEN FOTOGRAFER)

BLÅSTRUPE / REINSDYR (JON ERLING SKÅTAN OG JAN THOMASSEN)

FORSAND

17. Preikestolen. Preikestolen er den mest kjende turistattraksjonen i regionen og ragar 604 m over Lysefjorden. Turen tek 4 timar tur/retur, 6 km (april- oktober).

18. Kjerag. Kjeragbolten er ei steinblokk som er kilt fast i ein fjellspekk 1000 meter over Lysefjorden. Turen tek 5–6 timar tur/retur, 10 km.

19. Rossdalen. Ingen dal er så flott som Rossdalen når kvitveisen blømer i april. Turen tek omlag 1 time til Rossdalssetta.

HJELMELAND

20. Hjelm. Kort tur i frå Hjelmeland sentrum 1 time, 2 km. Løypa er merka, og det er informasjonstavler langs stien. Utsikt over Hjelmelandsvægen, fjorden og øyane.

21. Skomakarnibbå. Eit særmerkt fjellparti som heng over Josenfjorden – du bør ikkje gå utpå sjølv nibbå. Turen tek 5–6 timar tur/retur. Du får flott utsikt mot både fjorden og fjellet.

Nes i Årdal, 2–3 timar, 7 km. Løypa innover dalføret går forbi den flotte Hiafossen.

23. Trodla-Tysdal. Rogalands mest avsidesliggjande gard. Frå Kleivaland er det delvis merka løype i kupert terreng, 2 timar.

SULDAL

24. Mosvatnet. Kortare og lengre fotturar i varierende terreng i området rundt Gullingen/Mosvatnet. Turane er merka. Her finn du eit flott område for bading, fiske, jakt, sykling og sopp- og bærplukking.

25. Nesflaten. Bygd på nordsida av Suldalsvatnet. Lette fotturar på 0,5–3 timar i nærområdet rundt bygda. Frå Nesflaten går det også ei gamal pilegrimsled over til stavkyrkja i Roldal.

26. Stranddalen. Ei betjent turistforeningshytte 1000 moh der ein kan gå opp og ned på dagen og ete middag, eller ta turen over to dagar.

26 a. 3 timar ein veg frå Saurdal, 10 km.

26 b. 2 timar ein veg frå Øvre Moen, 6 km.



PÅ SYKKELTUR (ANNE LISE NORHEIM / SKATTEKAMMERET SULDAL)



HUNDEKJØRING (JON ERLING SKÅTAN OG JAN THOMASSEN)



MOLTEBLOM (ELIN T. HAUGEN)

